

Prosjekt: Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø

Bakgrunn for prosjektet er vedtak i kommunestyret 29.3.2017:

«(...) Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen. På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop). Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017».

På workshop i Utval for levekår 30. mai deltok rektorane, helsesystemer, psykolog frå PPT, representant frå ungdomsrådet, FAU- representantar, kultur- og ungdomskonsulent, samfunnsutviklar, kommunal barnehageleiar, Utdanningsforbundet, rådgjevar helse og skulefagleg rådgjevar. I tillegg var tre eksterne representantar invitert med, to frå Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og PP-leiar/prosjektleiar for «Trygg i Fjell» frå Fjell kommune. Det kom inn til saman 154 innspel.

Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det blant anna:

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019.

I prosjektet inngår midlar til:

Miljøarbeiderstilling som skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.

Rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter.

Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.”

Prosjektet sitt hovudmål:

- Sikre barn og unge eit trygt og godt skule- og oppvekstmiljø
- Sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering

Innsatsområder:

- Skape gode oppvekstmiljø - saman
- Demokrati og medborgarskap
- Livsmestring og folkehelse

Referansegruppa si hovudoppgåve blir å gi råd til prosjektgruppa.

Prosjektgruppa:

1. Anette Hesjedal (prosjektleder og miljøarbeider)
2. Camilla Smith-Strøm (styrar i Marihøna barnehage)
3. Vigdis Valde (Inspektør og lærar på Grasdal skule)
4. Ane Bysheim (Kulturkonsulent og ungdomsarbeider)